

«Deplen» og «Kristi-Olga-huset» i Syvde



I protokollen etter fotograf Johannes Sponland er det notert at dette bildet er bestilt av Knut B. Myklebust, og Fylkesfotoarkivet har notert at det er eit eldre ektepar, atelierbilde.

Dette er nok Knut Bentsson Oseberg Myklebust, som var fødd i 1854 i Oseberget i Syvde og døde i 1943, sist busett i Syvde sentrum. I 1878 gifte han seg med Anne Eriksd. Takset, og då dette bildet var teke i 1912, budde paret på bruket Bulegene, gbnr. 89.2, på garden Myklebust i Syvde. Plassen i Bulegene vart truleg kalla Deplane i eldre tid, og Knut vart iallfall til dagleg kalla «Deplen». Dette «daglegnamnet» vart også brukt på familiemedlemmane. Vi har for eksempel fleire bilde frå 1900-talet som Eline Ulvestad

namnsette i 1970-åra, der Knut si dotter, Karoline Myklebust, vart namngitt som «Deple-Kalla»

I 1917 gifte yngste dottera til Anne og Knut, Karoline, seg med Hans K. Urke og flytta til Urke, Hans si heimbygd i Hjørundfjorden. Då tok Knut og Anne med seg bustadhuset og flytta til Urke, men etter få år der tok dei med seg huset og flytta tilbake til Syvde. I den såkalla Panteboka (eit slags eigedoms- og avtaleregister m.m.) er det ført inn under gards og bruksnummer 88.15: «Bygselkontrakt fra Lars K. Grebstad til Knut Bentsen Myklebust og hustru paa et stk. av d.e. på livstid mot bygsel Kr. 50,00 og aarlig avgift Kr. 5,00, dat. 3/9 1921, tgl. 8/7/ 1922.» Denne parsellen ligg i Syvde sentrum, og der fekk dei sette opp huset igjen.

Anne døde i 1933, og Knut vart åleine fram til han døde i løpet av 1943. Det siste året selde Knut Bentsson huset sitt til Ivar S. Myklebust og Olga Larsd. Grebstad Myklebust, og då Knut døde, vart parsellen med huset skilt ut frå Kristigardsjorda og fekk eige gards- og bruks-nummer, gbnr. 88.51 Ivarsbu. Huset står framleis i Syvde sentrum.




På bildet ovanfor ser vi huset til Anne og Knut B. Myklebust som dei altså flytta med seg til og frå Hjørundfjorden. Det ligg nesten i venstre bildekant til høgre bak



Nordalsnausta, og har torvtak. med eit par tømmerstokkar frå mønet og ned til rafta. Dette er eit utsnitt av eit Storegjerdebilde i Syvdesamlinga, teke rundt 1930. I min oppvekst vart dette huset i 1950- og 60-åra ikkje kalla noko anna enn Kristi-Olga-huset, for Ivar Seve-rinsson Myklebust (Garstøyl-Iver) døde alt i 1949, så han hadde dei fleste av oss unge ikkje noko klart minne om.

For nokre år sidan dukka det opp eit privat album der det m.a. fanst eit bilde eg meiner er av Knut B. Myklebust, som då var granne med kjøpmann Almklov og familien hans. Bildet kan vere teke ein gong mellom 1930 og 1940, og Knut står her ovanfor huset som kjøpmann Andreas Almklov hadde bygt tidleg på 1900-talet, der Almklov også hadde butikk og bakeri. I bakgrunnen ser vi fronten på Syvde-kyrkja.

Under andre verdenskrigen måtte folk ha legitimasjonskort, også kalla grensebuarbevis, der det var bilde av personane på framsida av kortet, og eigenhending underskrift på baksida. Mange av desse er no skanna, og er tilgjengelege i Fylkesfotoarkivet, og der finn vi også Knut sitt kort, som var utskrive i 1941, to år før han døde. Det er ikkje usannsynleg at dette kan vere det siste bildet som var teke av «Deplen».

Etternavn: <i>Myklebust</i>	(Foto.)	Stilling: <i>Tuesjoniet J</i>
Fornavn: <i>Knut B.</i>		Adresse: <i>Syde</i>
Fødested: <i>Syde</i>		Navnetrekk: <i>Knut B. Myklebust</i>
Født: <i>24.2. - 1854</i>		Legitimasjonskort utstedt den <i>24.3.41</i>
Statsborgerlige forhold: <i>J.</i>		på grunnlag av følgende legitimasjoner
Nr. <i>303</i>		